

Modalen kommune
postmottak@modalen.kommune.no
v/ Jahn Olav Nordheim

Dato: 10.10.2023

Vår ref.: 23/06393
Deres ref.:

Sakshandsamar: Aud Christina H. Bjerén

Tilbod og avtale om Ungdata-undersøking i Modalen kommune 2024

Forskningsinstituttet NOVA ved OsloMet – storbyuniversitetet tilbyr i samarbeid med KORUS Bergen ei undersøking etter mal frå Ungdata – lokale ungdomsundersøkingar.

Ein kontrakt for gjennomføring av Ungdata-undersøkinga i dykkar kommune ligg ved dette brevet. Dersom kommunen godtek kontrakten, treng de ikkje å gje tilbakemelding til NOVA om det.

Kommunen godtek kontrakten ved å signere den og returnere den til NOVA, OsloMet på e-post ungdatainnmelding@oslomet.no (ev. sende den per post til denne adressa: OsloMet – storbyuniversitetet, Postboks 4, St. Olavs plass, 0130 OSLO). NOVA vil sende ein kopi av avtalen til KORUS i etterkant.

Om Ungdata

Ungdata er eit kvalitetssikra system for gjennomføring av lokale spørjeskjemaundersøkingar blant elevar på barnetrinnet (5.-7. trinn) og ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring (elevar til og med 19 år). Føremålet er å skaffe kunnskap om ungdommen sine oppvekstvilkår lokalt og gje grunnlag for kommunalt og fylkeskommunalt plan- og utviklingsarbeid knytt til folkehelse og førebyggjande arbeid retta mot barn og ungdom. Temaa i Ungdata spenner frå skule, familie, venner og fritid til helse, rus og problemåferd. Spørjeskjemaet inneholder obligatoriske, velfrie og eigenkomponerte spørsmål. Elevane svarer på undersøkinga på skulen ved å logge seg inn via ei nettside.

Etter at undersøkinga er gjennomført, får kommunen tilgang til å laste ned standardrapportar frå Ungdataportalen. Desse rapportane vil som regel vise a) svarfordeling, b) fordeling etter kjønn og c) fordeling etter klassetrinn. Rapportar som viser nøkkeltal samanlikna med nasjonale tal og utvikling over tid blir sende til kommunane via KORUS eller NOVA. Merk at tal

OsloMet – storbyuniversitetet

Postadresse: Pb. 4 St. Olavs plass, 0130 OSLO

Telefon: 67 23 50 00, e-post: post@oslomet.no, www.oslomet.no

som viser utvikling over tid, berre vil bli viste om kommunen har gjennomført Ungdata meir enn ein gong, og der talet på elevar som deltek, er nok til å oppfylle publiseringsreglane (sjå publiseringsreglar i Ungdata på nett). Kommunar som har vidaregåande skular lokalisiert i kommunen vil og få rapportar frå undersøkingar som verte gjennomførde på dei vidaregåande skulane.

Dersom de ønskjer å bestille andre rapportar, kan de gjere det i Ungdataportalen. Prislista for rapportar som ikkje kjem inn under «gratisløysinga» (det er berre standardrapportane som er nemnde over som er inkludert i «gratisløysninga»), står i «Ungdata – Rettleiar for kommunar og fylkeskommunar», eller de kan få prislista frå KORUS på førespurnad. Data frå alle Ungdataundersøkingane blir lagra i ein nasjonal database. Ungdatabasen vil bli brukt til forskingsføremål, og kvart år blir det publisert nasjonale rapportar baserte på desse dataa.

For at kommunen skal kunne samanlikne resultata sine med resultat frå andre undersøkingar, blir det offentleggjort tal og nøkkeltalsrapportar frå undersøkingar (med meir enn 30 respondentar) på nettsida www.ungdata.no. Denne informasjonen blir som regel lagd ut seinast tre månader etter at datainnsamlinga er ferdig.

Kostnadsfri standardløysing

Det er gratis for kommunen å gjennomføre ei Ungdata-undersøking. Den kostnadsfrie standardløysinga omfattar

- a) hjelp til å setje saman spørjeskjema
- b) tilgang til den elektroniske undersøkinga
- c) rettleiing om korleis undersøkinga skal gjennomførast på skulane
- d) kvalitetssikring og oppbevaring av data
- e) standardrapportar.

Det er eit vilkår for tilbodet at spørjeskjemaet er bygd opp av spørsmål som er ferdigdefinerte i Ungdata (obligatoriske og valfrie). Dersom kommunen ønskjer å inkludere eigenkomponerte, lokalt utforma spørsmål, kan de bestille det via Ungdataportalen. Sjå «Ungdata – Rettleiar for kommunar og fylkeskommunar» for prisliste.

Dersom det er ønske om å ta med eigendefinerte spørsmål eller få rapportar utover standardrapportane, skal dette avtalast og fakturerast separat.

Rollefordeling

1. **Kommunen** står for den praktiske gjennomføringa og må utnemne ein koordinator til å leie planlegginga og gjennomføringa av Ungdata-undersøkinga. Koordinatoren skal sjå til at kommunen oppfyller forpliktingane sine i ungdatasamarbeidet og fungere som bindeledd mellom KORUS/NOVA og skulane. Det vil vere koordinatoren si oppgåve å rekruttere, motivere og rettleie skular som skal delta i undersøkinga. Koordinatoren har dessutan ansvar for å sjå til at elevar og deira føresette blir informerte om undersøkinga i forkant av datainnsamlinga.
2. **KORUS** vil hjelpe kommunen med å planlegge undersøkinga og utforme spørjeskjema. KORUS kan, etter nærmare avtale med kommunen/fylkeskommunen, delta i den lokale drøftinga av funna i undersøkinga. Dette må i så fall avtalast spesielt med KORUS.

- 3. NOVA** har ansvaret for at undersøkinga blir gjennomført i tråd med lover og reglar. NOVA har dessutan ansvaret for at den tekniske løysinga for datainnsamlinga fungerer som den skal. Etter at undersøkinga er avslutta, vil NOVA lage standardrapportar frå undersøkinga og legge inn data i den nasjonale databasen. NOVA har òg ansvar for eventuell utlevering av data frå undersøkinga.

Har du spørsmål knytt til signering av kontrakten, ta kontakt med Ungdata-sekretariatet ved rådgjevar Aud Christina H. Bjerén (audchris@oslomet.no) (95 72 18 50), eller skriv ein e-post til ungdata@oslomet.no.

Kontrakten som ligg ved, er elektronisk signert av NOVA og godkjend av KORUS, og andre avtalepartar får ikkje i noko tilfelle endre, stryke eller legge til noko i avtaleteksten.

Med venleg helsing

Aud Christina H. Bjerén
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ingen handskrivne signaturar.

AVTALE OM GJENNOMFØRING AV

UNGDATA-UNDERSØKINGA I Modalen 2024

MELLOM

Modalen kommune (heretter kalla **Oppdragsgjevar**),
OsloMet – storbyuniversitetet ved NOVA (heretter kalla **NOVA**)
og
KORUS Bergen (heretter kalla **KORUS**)

På oppdrag frå Modalen kommune skal NOVA, i samarbeid med KORUS, gjennomføre undersøkinga Ungdata i kommunen. Denne avtalen regulerer ansvaret og pliktene til Oppdragsgjevaren, NOVA og KORUS.

1. Formålet med undersøkinga

Hovudformålet med Ungdata-undersøkinga i Modalen 2024 er å gje eit kunnskapsgrunnlag for det kommunale plan- og utviklingsarbeidet knytt til folkehelse og førebyggjande arbeid overfor barn og ungdom. Det er også eit mål å få data om ungdom som grunnlag for nasjonale og lokale samanlikningar over tid. Data frå undersøkinga vil også kunne verte brukte i forskings- og utviklingsprosjekt der målet er å få ny kunnskap om oppvekstvilkåra til ungdom.

Data frå undersøkinga vil verte lagde inn i ein nasjonal database – Ungdatabasen. Databasen inneheld data frå alle gjennomførte Ungdata-undersøkingar. Målet med databasen er å kunne få kunnskap om regionale variasjonar og nasjonale trendar når det gjeld livsstilen, levekåra og helsa til ungdom.

2. Ungdata

Ungdata er eit kvalitetssikra og standardisert system for lokale spørjeskjemaundersøkingar, som vert tilbydd alle kommunar og fylkeskommunar i Noreg. Undersøkingane er tilpassa skuleelevar på barnetrinnet (5.-7.trinn), ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring (elevar til og med 19 år). Spørjeskjemaet er samansett av ein obligatorisk grunnmodul, som vert brukt i alle undersøkingar, og eit sett med valfrie, førehandsdefinerte spørsmål som oppdragsgjevaren kan velje frå. Oppdragsgjevaren kan også supplere med eigenkomponerte spørsmål. NOVA vil kvalitetssikre spørsmåla og vil avvise spørsmål som av forskingsetiske grunner eller personvernomsyn ikkje er eigna for undersøkinga. Undersøkingane går føre seg i skuletida og vert gjennomførte elektronisk.

Ungdata er eit samarbeid mellom NOVA og dei regionale kompetansesentera på rusfeltet (KORUS). Helsedirektoratet finansierer Ungdata gjennom eit årleg tilskot via statsbudsjettet. Dette tilskotet dekkjer gratistilbodet til kommunar og fylkeskommunar og sekretariatet ved Ungdatasenteret på NOVA.

3. Rollene og pliktene til partane

3.1 Rolla og pliktene til NOVA

NOVA er ansvarleg instans for undersøkinga og har det overordna ansvaret for å sikre at datainnsamlinga går føre seg i tråd med lover, reglar og etiske retningslinjer. NOVA har ansvaret for at dataa vert oppbevarte slik at integriteten og konfidensialiteten til respondentane er ivaretekne.

NOVA vil levere eit opplegg for elektronisk gjennomføring der elevane kan logge seg inn på ei nettside med eit tilfeldig generert eingongskode. Kommunen kan velje kva for tilleggsspørsmål som skal vere med i undersøkinga.

NOVA har ansvaret for å opprette brukarprofilar for kontaktpersonane ved KORUS i Ungdataportalen og for å tilby opplæring av brukarane frå KORUS, kommunen og fylkeskommunen i portalen.

NOVA skal godkjenne og kvalitetssikre den endelige versjonen av spørjeskjemaet. NOVA vil òg vurdere om undersøkinga er utforma på ein slik måte at prosjektet må godkjennast av personvernombodet ved OsloMet i samråd med Sikt – Kunnskapssektorens tjenesteleverandør (tidlegare Norsk senter for forskningsdata (NSD)).

NOVA skal lage informasjonsmateriell til skulen og elever/føresette i forbindelse med undersøkinga. Kontaktpersonane på skulane får materiellet via Ungdataportalen.

NOVA har ansvar for å utarbeide eit nettskjema (stadfestingsskjemaet) der skulene skal stadfeste at dei gjennomfører undersøkingane etter dei prosedyrane og rammene som er satt for undersøkinga. Kontaktpersonane på skulane får skjemaet via Ungdataportalen. Skulane sine kontaktpersonar får først eingongskodane til elevane etter at dei har fylt ut dette skjemaet.

NOVA har ansvaret for å utarbeide ei datafil ein kan analysere. Datafila vil verte lagt inn i den nasjonale Ungdatabasen.

NOVA har ansvar for å utarbeide eit sett standardiserte rapportar som viser hovudresultata frå undersøkinga etter at datainnsamlinga er ferdig. Desse rapportane vil som regel vise a) svarfordeling, b) fordeling etter kjønn, c) fordeling etter klassetrinn, d) nøkkeltal samanlikna med nasjonale tal, og e) utvikling over tid (for kommunar som har gjennomført Ungdata meir enn éin gong). Kva for rapportar NOVA lagar, kjem an på kor mange elevar som deltek i undersøkinga.

NOVA har ansvaret for å gjere rapportane tilgjengelege for kommunen. Vanlegvis blir rapportane tilgjengelege innan 30 vyrkedagar etter at undersøkinga er klargjord og avslutta av NOVA. For fylkesundersøkingar (undersøkingar der dei fleste kommunane i eit fylke gjennomfører undersøkingar i det same året) må alle undersøkingar vere avslutta før det blir laga rapportar. Svarfordelingsrapporten og rapportar fordelte etter kjønn og klassetrinn, kan lastast ned frå Ungdataportalen. Nøkkeltalsrapporten og rapporten som viser utvikling over tid,

blir leverte enten av NOVA eller av KORUS.

3.2 Rolla og pliktene til KORUS

KORUS vil rettleie Oppdragsgjevar om korleis ein skal gjennomføre undersøkinga, og om dei retningslinjene som gjeld for gjennomføringa for å sikre at ein tek omsyn til personvern og forskingsetiske omsyn.

KORUS vil rettleie Oppdragsgjevar i val av spørsmål og utforming av spørjeskjemaet.

KORUS har ansvaret for å opprette ein brukar for Oppdragsgjevaren i Ungdataportalen.

KORUS har ansvar for å informere NOVA om når datainnsamlinga skal avsluttast. Dette blir gjort via Ungdataportalen.

KORUS har ansvaret for å informere Oppdragsgjevar om kvar dei lastar ned standardrapportane frå teknisk leverandør (svarfordeling, fordeling etter kjønn og fordeling etter klassetrinn).

KORUS har ansvaret for at Oppdragsgjevar får tilsendt standardrapportane som NOVA har utarbeidd (nøkkeltal samanlikna med nasjonale tal og utvikling over tid).

KORUS kan, etter nærmare avtale med Oppdragsgjevar, delta i den lokale drøftinga av funna i undersøkinga.

KORUS kan samarbeide med nasjonale og regionale kompetansesenter som jobbar med psykisk helse, rus og vald (RVTS, RKBU/RBUP, NAPHA, NKVTS, SANKS) om å følgje opp resultat frå Ungdata. Desse samarbeidspartnarane kan få innsyn i kommunale resultat før resultata blir offentleggjorde.

3.3 Rolla og pliktene til Oppdragsgjevar

Oppdragsgjevar skal forankre Ungdata-undersøkinga hos kommunedirektør eller på eit tilstrekkeleg høgt leiarnivå.

Oppdragsgjevar skal opprette ein koordinator, som lokalt skal leie planlegginga og gjennomføringa av undersøkinga. Koordinatoren er bindeleddet mellom NOVA/KORUS og skulane.

Oppdragsgjevar skal velje kva slags spørsmål og tema det er ønskeleg å ha med (utover ein obligatorisk grunnmodul som er med i alle Ungdata-undersøkingane). NOVA held på retten til å endre desse vala i tråd med punkt 3.1.

Oppdragsgjevar skal utarbeide ei oversikt over elevtal som vil bli invitert til å bli med i undersøkinga på dei aktuelle skulane, i eit skjema (Innmeldingsskjema), og returnere det ferdig utfylte skjemaet til KORUS.

Oppdragsgjevar er ansvarleg for å administrere sjølve datainnsamlinga på ein måte som sikrar at undersøkinga vert gjennomført etter dei retningslinene NOVA/KORUS har trekt opp, og at svarprosenten vert høgast mogleg.

Oppdragsgjevar er ansvarleg for at Ungdata-koordinatoren kontrollerer og ev. rettar registrerte opplysningar om undersøkinga i Ungdataportalen (så som kontaktinformasjon for kommunen og skulen, elevtal, spørsmål, tidspunkt for gjennomføringa).

Oppdragsgjevar skal følgje opp at skulane har fått alt nødvendig undersøkingsmateriell, inkludert eingongskodar. Dette kan Ungdata-koordinatoren gjere via Ungdataportalen. Der kan koordinatoren òg følgje med underveis på kor mange som har svart på skulen/skulane.

Oppdragsgjevar skal informere skuleleiarar i god tid før datainnsamlinga byrjar, og sørge for at undersøkinga kan gå føre seg i skuletida. Oppdragsgjevaren skal sørge for at naudsynte ressursar er tilgjengelege i skulane (klasserom, datamaskiner/nettbrett og vaksne personar som kan administrere undersøkinga i klasserommet).

Oppdragsgjevar skal sørge for at det vert oppretta ein kontaktperson på kvar skule, som får ansvaret for den lokale gjennomføringa på sin skule.

Oppdragsgjevar skal sørge for at alle føresette er informerte om undersøkinga. Hen må sende informasjonsbrev til heimane minst to veker før datainnsamlinga. Dette kan han gjere via vanleg brevpost eller gjennom dei kanalane skulane normalt bruker for å nå ut med viktig informasjon, til dømes via elektronisk post. Ranselpost er ikkje tilstrekkeleg. Dersom Oppdragsgjevaren vil nytte andre kanalar for å informere føresette, må det avtalast særskilt med NOVA. Dette gjer ein via KORUS.

Oppdragsgjevar skal sørge for å administrere ei ordning kor føresette til barn under 18 år har moglegheit til å reservere seg mot at deira barn deltek i undersøkinga.

Oppdragsgjevar har ansvaret for at alle elevane som deltek i undersøkinga, er blitt tilstrekkeleg informerte om at deltaking er frivillig og kva som er formålet med undersøkinga. I tillegg skal alle deltakarane bli informerte om at dei kan hoppe over spørsmål dersom dei ønskjer det, og at det ikkje vil få konsekvensar dersom dei ikkje vil vere med eller ikkje ønskjer å fullføre undersøkinga. Dette blir gjort rett før undersøkinga blir gjennomført ved at ein administrator les opp ein informasjonstekst som NOVA/KORUS har laga, eller viser ein informasjonsfilm for alle i klasserommet.

Oppdragsgjevar har plikt til å informere helsesykepleiar og/eller andre relevante hjelpetenester i kommunen om undersøkinga før ho vert gjennomført. Ein må etablere ein beredskap for elevar som ønskjer å ta kontakt med hjelpeapparatet i samband med deltaking i undersøkinga.

Oppdragsgjevaren er ansvarleg for å informere KORUS så snart kommunen er ferdig med å gjennomføre undersøkinga. Dette blir gjort via Ungdataportalen.

4. Tidsrammer

Prosjektet byrjar:	15.10.2023
Anteke starttidspunkt for datainnsamling:	veke 4
Sluttdato for prosjektet er:	15.10.2024

5. Kontaktpersonar

Kontaktperson for undersøkinga hjå Oppdragsgjevar er: Jahn Olav Nordheim (41 66 75 94).

Kontaktperson hjå KORUS er: Kristian Hartveit (99 22 58 88).

Kontaktperson hjå NOVA er: Aud Christina H. Bjerén (95 72 18 50).

Skifte av kontaktperson skal berre skje etter avtale mellom partane.

6. Bruksrett til og utlevering av data

NOVA eiger dei opplysningane som vert samla inn, og har ansvaret for å forvalte opplysningane i tråd med formålet med undersøkinga og etter dei retningslinene som eventuelt er trekte opp av personvernmyndighetene. NOVA har bruksrett til alle opplysningane som vert samla inn. Data frå undersøkinga vil saman med data frå andre Ungdata-undersøkingar verte lagde inn i ein nasjonal database.

KORUS har bruksrett til Ungdatabasen.

Oppdragsgjevaren står fritt til å samarbeide med eksterne instansar om analyse av data og utforming av rapportar. Oppdragsgjevaren og andre instansar kan få tilgang til data frå Ungdatabasen etter søknad til NOVA. NOVA vil i slike tilfelle inngå ei utleveringsavtale med søkeren, der det går fram kva slags data som skal verte utleverte, kven som skal bruke dataa, korleis dataa skal verte oppbevarte, og kva som er

formålet med bruken av dataa. NOVA kan fjerne eller grovkategorisere variablar før utlevering av data dersom dette er naudsynt for å sikre at anonymiteten til respondentane vert ivaretaken. Det er utforma eit søknadsskjema for dette formålet, som ein kan få ved å kontakte NOVA eller KORUS.

Etter at datainnsamlinga er avslutta, vil **NOVA** og **KORUS** vurdere kvaliteten på dataa frå undersøkinga. Dersom det viser seg at svarprosenten er spesielt lav, eller at det er andre tilhøve som tilseier at analysar av datamaterialet ikkje vil vere fagleg forsvarleg, kan NOVA og KORUS avstå frå å rapportere frå undersøkinga.

7. Offentleggjering av resultat

Oppdragsgjevar står fritt til å avgjere når og korleis oppdragsgjevaren vil formidle resultata frå undersøkinga. Rapportane NOVA leverer er omfatta av §3 i Offentleglova om rett til innsyn.

NOVA vil normalt offentleggjere ein rapport med nøkkeltal frå undersøkinga på nettsidene www.ungdata.no tre månader etter at datainnsamlinga er avslutta, eventuelt på eit anna tidspunkt dersom dette er avtalt mellom partane.

NOVA og **KORUS** står fritt til å publisere resultat frå undersøkinga tre månader etter at datainnsamlinga er avslutta. NOVA og KORUS har full rett til å publisere eller på andre måtar offentleggjere resultat frå prosjektet i dei publikasjonane og media som NOVA og KORUS ønskjer. Alle resultat som blir publiserte og offentleggjorde skal vere anonymiserte. Det skal ikkje vere mogleg å kjenne att eller identifisere enkeltpersonar.

8. Økonomi og betalingsbetingelser

Ungdata har ei kostnadsfri standardløysing, som omfattar utforming av spørjeskjema ut frå ei førehandsdefinert liste med spørsmål, tilgang til den elektroniske undersøkinga, rettleiing rundt gjennomføring, kvalitetssikring og oppbevaring av data og standardrapportar med resultat frå undersøkinga.

Ved bruk av eventuelle eigenkomponerte spørsmål eller rapporter utover standardrapportene, avtales og fakturerast separat. Rapportar produserte av vår tekniske leverandør Rambøll vil vere prisa.

Denne typen rapportar er mogleg å bestille i Ungdataportalen og blir fakturerte av Rambøll. Prislista et tilgjengeleg i portalen og i Ungdata – Rettleiar for kommunar og fylkeskommunar.

9. Stans av prosjektet

Begge partane har rett til å stanse samarbeidet i tilfelle av misleghald frå ein av partane. Slik stans skal ein varsle skriftleg. Partane kan ikkje krevje erstatning for tap i samband med slik stans i prosjektet. Ved vesentleg misleghald vil kontrakten kunne verte oppsagt etter å ha vore stansa i 30 dagar. Den andre parten skal ha oppseiinga skriftleg.

10. Twist

Ein twist som gjeld forståinga av denne kontrakten, eller om tilhøve som elles vert grunngjevne i kontraktstilhøvet, skal ein prøve å løyse ved forhandlingar. Dersom partane ikkje vert samde, skal twisten verte avgjord ved skilsdom med heimel i reglane i tvistemålslova kap. 32.

Denne kontrakten er utferda i tre eksemplar. Etter signeringa beheld Oppdragsgjevar, KORUS og NOVA kvar sitt eksemplar.

Oppdragsgjevar

NOVA

KORUS Bergen

_____,
Sted Dato

_____,
Sted Dato

_____,
Sted Dato

assisterende rådmann
Tonje Husum Aarland

forskningsleiar
Mira Aaboen Sletten

senterleiar
Solveig Storbækken

Oppdragsgjevar

NOVA

KORUS Bergen

Dokumentet er elektronisk signert av NOVA og godkjent av KORUS, og har derfor ingen handskrevne signaturar.